Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møre og Romsdal
fylkeskommune

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Ungdomspanelet** |
| **Møtestad:** | **Vårsøg hotell, Surnadal** |
| **Dato:** | **12.03.– 14.03.10** |
| **Tid:** | **19:00 på hotellet.** |

Forfall skal meldast til koordinator, Anne Berit Svenkerud Halle, 71 25 80 95, som kallar inn varamedlem. Varamedlem møter berre ved spesiell innkalling.

| **Faste** | **Personleg vara** |
|---|---|
| Ida Andrine Heggset, leiar | Thea Sørvik |
| Vetle Wang Soleim, nestleiar | Martin Luan Håndlykken |
| Roy Andre Haugen | Alice Olsen |
| Sindre Holberg | Martin Eikebø |
| Harald Stavset Fagervoll | Eivind Otto Hjelle |
| Janne Katrin Hansen Sævik | Karoline Valderhaug |
| Jenny Venås | Sivert Hansen |
| Asgeir Stavik Hustad | Madeleine Mittet |
| Hanne Stokke | Sondre Digernes |

Vetle og Jenny har alt meldt forfall og koordinator har tatt kontakt med vara.

Møtet er på Vårsøg hotell i Surnadal. http://www.varsog-hotell.no/
Møtestart er satt til kl 19.00. Sjekk bussruter på 177.no.

**Program:**

Fredag:
Oppmøte kl 19:00
Middag kl 20.00
Møte kl 21.00 (planlegge fellesmøte)
Mulig vi legg inn eit besøk på Ungdomsklubben på Skei fredag kveld.

Laurdag:
Frukost kl.08 - 09.00
Møte kl.09.00 (planlegge fellesmøte)
Fellesmøte kl. 10.00 – 12.30(13.00)
Lunsj kl.13.00
Middag kl.18.00
Møte kl 19.30

Søndag:
Frukost kl: 08. – 09.00
Møte kl 09.00
Orientering frå Redningsselskapet kl 12.00
Lunsj kl 13.00
Avreise kl 14.00

Vi legg inn pausar og uteaktivitetar etter behov.

Hovudsaken på dette møtet blir dei nye vedtektene som UP må lage ei uttale om. Forslag til nye vedtekter frå administrasjonen vil bli lagt fram på møtet.

Vi må og førebu oss på fellesmøte med ungdomsråda. Siste del av planlegginga av dette møtet gjer vi fredag kveld og laurdag morgon.

Dei faste medlemane i UP må legge fram ei muntlig orientering om sine ansvarskommunar.

Saker til UFT 2010 vil og bli diskutert om vi finn tid til dette.

I tillegg vil det bli mogleg å fremme andre saker til sakslista ved møtestart.

Vi skal sjølvsagt og ha tid til mye hygge!

| Saksnr | Innhald |
|---|---|
| UP UP-10/10 | Nye vedtekter Ungdommens fylkesting (UFT) og Ungdomspanelet (UP) |
| UP UP-11/10 | Møte med Ungdomsråda på indre nordmøre |
| UP UP-12/10 | Google docs - oppfølging av arbeidsdokument |
| UP UP-13/10 | Orientering om Redningsselskapet i Møre og Romsdal |

Anne Berit Svenkerud Halle
koordinator

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 03.03.2010 | 10358/2010 | Anne Berit Svenkerud Halle |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| **UP-10/10** | Ungdomspanelet | 12.03.2010 |

# Nye vedtekter Ungdommens fylkesting (UFT) og Ungdomspanelet (UP)

## Bakgrunn

I sak U–55/02 A vedtok fylkesutvalet oppretting av ny og systematisk dialog med ungdom. Fylkestinget konstituerte Ungdomspanelet i sak T–26/02. Vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet vart godkjent av Fylkestinget i desember 2002 (T-sak 78/02).

UP ønsket etterkvert å endre vedtektene då dei opplevde vedtektene som ufullstendige med omsyn til dei ulike ungdomsorgana i Møre og Romsdal. Ungdomspanelet 2007/2008 ønskte å få tydelegare fram linja frå kommunale ungdomsråd til UFT og til UP. Dei ville ha ei presisering av valordninga til UFT, samt fokus på godt samarbeid mellom organa.

På bakgrunn av innspel frå Ungdomspanelet, ein gjennomgang av vedtekter for tilsvarande organ i andre fylke, samt høyringssvar frå kommunale ungdomsråd, vart det laga forslag til nye vedtekter. Desse vart vedtatt av UFT den 15. november 2008.

Etter UFT 2008 ble det satt ned ei arbeidsgruppe med medlemmar frå UP, fylkestinget og administrasjonen som skulle arbeide med å betre samarbeidsrutinane mellom UP, UFT og fylket. Før gruppa kunne starte dette arbeidet har juridisk avdeling gjennomgått gjeldande regelverk. Arbeidsgruppa hadde så møte den 01.03.10 kor ein diskuterte vedtektene frå UFT 2008 på grunnlag av eit notat som administrasjonen har utarbeida om gjeldande regelverk. Administrasjonen arbeider no vidare med ei sak om vedtektene som skal opp til behandling i fylkesutvalet. Det er Fylkestinget som til slutt skal godkjenne dei nye vedtektene.

**Forslag til vedtak:**
Ungdomspanelet vil komme med ein uttale i saka om nye vedtekter. Uttalen vil bli lagt fram før behandling i fylkesutvalet den 22.-23.mars.

Ida Andrine Heggset
Leiar Ungdomspanelet

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| --- | --- | --- |
| 03.03.2010 | 10403/2010 | Anne Berit Svenkerud Halle |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| **UP-11/10** | Ungdomspanelet | 12.03.2010 |

# Møte med Ungdomsråda på indre nordmøre

## Bakgrunn

Laurdag den 13.03 er ungdomsråda i Halsa, Surnadal, Sunndal og Rindal invitert til fellesmøte med Ungdomspanelet frå kl 10.00 til ca kl. 13.00. Leiar i UP inviterar råda og gir koordinator tilbakemelding på kven som kjem og kor mange dei blir.

Fredag kveld og laurdag morgon vil UP jobbe med den siste planlegginga av møtet dagen etter.

Mulige saker:
UFT ; melde inn saker til UFT. Deriblant Årets ungdomskommune 2010
Ungdomsmidlane frist 1 april.
Nordmørskonferansen
Har dei spesielle saker dei ønskjer å snakke med oss om.
Informasjon om UP og UFT
Er det saker som Up kan hjelpe dei med?
Gruppearbeid: ”Kva kan ein gjere for å nå fram med sakene sine til politikarar og administrasjon?

Ida Andrine Heggset
Leiar Ungdomspanelet

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| --- | --- | --- |
| 03.03.2010 | 10397/2010 | Anne Berit Svenkerud Halle |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| **UP-12/10** | Ungdomspanelet | 12.03.2010 |

## Google docs - oppfølging av arbeidsdokument

Gjennomgang og opplæring av arbeidsdokumentet på Google docs.

Ida Andrien Heggset
Leiar Ungdomspanelet

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 03.03.2010 | 10415/2010 | Anne Berit Svenkerud Halle |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| **UP-13/10** | Ungdomspanelet | 12.03.2010 |

## Orientering om Redningsselskapet i Møre og Romsdal

### Bakgrunn

Orienteringssak om Redningsselskapet i Møre og Romsdal ved dagleg leiar Kristin Wiig Sandnes. Ho har kontakta UP og ønskjer å gje ei orientering om følgjande:

1. Fortelje UP om Redningsselskapets skøyter som vi har i fylket og kva dei gjer.
2. Fortelje om Redningsselskapet sitt førebyggande arbeid mot barn og unge
3. Høre om kva UP meiner Redningsselskapet skal ha fokus på framover og kva UP meiner er viktig i forhold til førebyggande sjøvettsarbeid.

Ida Andrine Heggset
Leiar Ungdomspanelet